

10.09.2009

Felte dei første tre hjortane



Svein Ottar Rørheim med resultatet av den første jaktnatta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I natt starta hjortejakta og klokka fem smalt det frå den mobile jakthytta til Svein Ottar Rørheim som var plassert på Myklebust. Jegaren hadde lege der om natta.

Resultatet vart ein halvtanna år gamal bukk (pikhydning), ei tre-fire år gammal kolle og ein kalv, men Svein Ottar kunne lett ha skote fire dyr til som var i nærleiken. Veret var ideelt ved jaktstarten og han reknar med at også andre har skote hjort i natt. Det er gjeve løyve til felling av 131 dyr i Uskedalen.

- Eg starta jakta på bakkane til Olav Hjetland Bringedal fordi han har eit sterkt ønskje om å få redusert hjorteflokkene som har plaga han svært i det siste. Faktisk har han hatt så mange som 20 hjortar på bøen, fortel Svein Ottar, som er ein av dei mest røynde hjortejegarane i Uskedalen. Han har skote godt over 200 hjortar, men mista rekninga då han passerte dette talet.
- Dessutan er det ikke noko mål i seg sjølv å skyta så mange hjortar som mogeleg, seier jegeren før han tek til med slaktinga.

I kveld er han på plass att på Myklebust og det er framleis nok å ta av, for Kjærland, Myklebust og Ytre Rød jaktvald har rett på 25 dyr denne hausten. Jakthytta har Svein Ottar konstruert sjølv. Ho er lett å bringa med på traktoren.

-Når vi har så mange skadedyr i området vårt må det vera ei prioritert oppgåve å få dei vekk for å redusere skadane. Og då er det mest praktisk å ta dei på bakkane der dei har gått og beita heile sommaren, seier Svein Ottar. Han oppmodar også andre til å satsa på denne jaktstrategien.
Seinare skal også han jakta høgare over havet...

Til Kvinnheringen i går sa han at han er fødd og oppvaksen med hjort og var lei av hjortekjøt før han flytta til Kvinnherad,

- Difor lagar me pølse av storparten og den er god, sa Svein Ottar.

Av Ola Matti Mathisen